

# Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Fellesnemnd	

Sakshandsamar:	Lindås kommune	Ørjan Raknes Forthun
	Arkivnr.: 17/1868	Klassering:

## Sambandet Vest - godkjenning av bruk av midlar

### Framlegg til vedtak

Fellesnemnda godkjenner at Sambandet Vest AS får disponere inntil kr 2 mill av tildelte midlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til infrastrukturtiltak i kommunar som skal slå seg saman.

Midlane skal nyttast til å utarbeide ein silingsrapport og forslag til planprogram for ein kommunedelplan for vegtrase for Sambandet Vest frå Askøy kommune, via Meland kommune og Radøy kommune til Austrheim kommune.

Askøy kommune sin del av utgiftene, inntil kr 300 000, blir forskottert av midlane tildelt Sambandet Vest AS, mot at Askøy kommune stiller ein kommunal garanti på beløpet.

.....

### Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i fellesnemnda

### Bakgrunn

Gjennom Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) si tilskotsordning til infrastrukturtiltak i kommunar som skal slå seg saman, har kommunane Lindås, Meland og Radøy fått til saman kr 5 mill, kr 2 mill i 2016 og kr 3 mill i 2017 til reguleringsarbeid for Sambandet Vest. I søknaden blir det søkt om midlar til reguleringsarbeid for Sambandet Vest, inkludert dei regionale tilførselsvegane i den nye kommunen (Landsvik-Moldekleiv i Meland, samanknyting av hovudvegane i Radøy og Alversundbrua i Lindås).

Eigarmøtet i Sambandet Vest AS slutta seg 16. oktober 2017 til at Sambandet Vest AS startar opp det førebuande arbeidet med ein interkommunal kommunedelplan for vegtraséen frå Askøy kommune, via Meland kommune og Radøy kommune til Austrheim kommune. Målsettinga for dette arbeidet er at ein leverer ein silingsrapport og forslag til planprogram for ein kommunedelplan i dei berørte kommunane. Til arbeidet i første fase, har eigarmøtet beslutta at det bør setjast av kr 2 mill av dei tildelte midlane.

Askøy kommune sin del av dette arbeidet er rekna til ca 15 % av totalen, og desse midlane skal Askøy kommune dekkje. Ei løysing er at Askøy kommune sin del av arbeidet blir forskottert av midlane frå KMD og at Askøy kommune stiller ein garanti på dette beløpet og betalar sin del i ettertid.

I mandatet til fellesnemnda, vedtatt i dei ulike kommunestyra i september 2017, står det i pkt. 8 *Økonomi*:

*Fellesnemnda disponerer eingongstilskot, reformstøtte og andre midlar tildelt i samband med kommunesamanslåinga. Gjeld ikkje kompensasjon for redusert basistilskot.*

Dette medfører at det er fellesnemnda som må godkjenne bruken av midlane som er tildelt til infrastrukturtiltak i kommunar som skal slå seg saman.

**Ikkje vedlagte saksdokument:**

<b>Doknr</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>	<b>Tittel på saksdokumentet</b>
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost